

Til medlemmene i Volda formannskap

## **Vedr. sak om framtida til Volda som Fairtrade(FT)-kommune**

Det var med stor undring vi i styringsgruppa for FT-kommunane Volda og Ørsta fanga opp at først Ørsta formannskap, deretter Volda formannskap, skulle behandle sak om FT-kommune-statusen kommunane har hatt sidan 2008; ein status dei fekk etter samrøystes vedtak i dei to kommunestyra. Også FT Norge tok straks kontakt og lurte på kva som skjer i FT-kommune nr. 7 og 8 i Noreg ( i dag har 38 kommunar denne statusen, og m.a. Oslo og Trondheim brukar den som ein viktig del av omdømebygginga si).

Enno større vart undringa då vi las at rådmennene rår politikarane til å sei frå seg statusen. Og- at Ørsta kommune vedgår at dei ikkje har følgd opp vedtaket om å servere FT-merkt kaffi på kommunale møte! Det veit vi Volda har gjort, og det set vi pris på.

Vi har all forståing for at kommunen har mange oppgåver, og at dette ikkje er ei lovpålagd oppgåve. Eit møte med styringsgruppa kunne likevel klargjort at dette arbeidet, sjølv med dei nye søknadskriteria, ikkje treng vere særskilt arbeidskrevjande for kommunane. Og at ein gjennom å vere FT-kommune får hjelp til å ta det ansvaret ein som ansvarleg innkjøpar (jmf. Lov om offentlege innkjøp § 5 og 8.6-sjå under) likevel har.

Men -vi som har site i styringsgruppa, nokre av oss sidan 2008, og i stor grad drive dette arbeidet på vegner av kommunane på idealistisk basis, vart ikkje spurde til råds! Heller ikkje dei kommunale representantane, Anne Natvig (Volda) og Marit Aklestad (Ørsta), valde av kommunestyra, vart spurde om sitt syn på saka. Det er i seg sjølv oppsiktsvekkande!

Eitt av argumenta er at slike oppgåver, av internasjonal karakter, bør vere eit statleg eller nasjonalt ansvar. Grunnen til at Fairtrade Norge no, i samband med nye kriterie, ønskjer at kommunane skal setje mål for bruken av FT-produkt, er at det nettopp er auka bruk som hjelper småbøndene mest. Og at det offentlege, ikkje minst kommunane, er ein stor forbrukar som verkeleg kan bety ein skilnad.

Som rådmennene skriv, er både Volda og Ørsta del av eit interkommunalt innkjøpssamarbeid. Det burde gjere det enno lettare å skaffe fram dei tala som trengst i samband med søknaden, inkludert oversyn over kva meirkostnad dette vil medføre. Dette vil vere heilt avhengig av kva mål ein set. Dette er ein jobb som må gjerast annakvart år, så vi kan ikkje sjå at det er det som skal velte dei store prosjekta verken i Volda eller Ørsta.

Styringsgruppa er innstilt på å gjere den jobben vi har gjort vidare. Vi har kontakten med FT-arbeidsplassane i kommunane, med serveringsstadene og organisasjonane, vi gjennomfører butikktestar og informerer i mange ulike samanhengar om kva FT er. Nyleg fekk vi kommunal støtte til å trykkje egne nynorskbrosjyrer med informasjon om FT-kommunane, og i vår hadde vi laurdagsseminar på Møre folkehøgskule og informerte mange unge om temaet.

Dette arbeidet vil henge i lause lufta dersom kommunane ikkje fornyar statusen!.

**Men kommunane må altså gjere nokre ting, i høve dei nye kriteria.**

1. Ein må kartlegge den totale bruken av kaffi + ei Fairtrademerkt vare til i dag. Det kan vere sukker, te, bananar, jus el.l.

2. Så må ein, ut frå dette, setje eit mål for kor stor % av dette som skal vere FT-merkt. Kor stor meirkostnaden vert, er avhengig av kva innkjøpsavtalar ein har og som sagt, kor ambisiøse mål ein set. Dette bestemmer kommunen sjølv.

I kriteria står det og at kommunen må utnemne ein kontaktperson i administrasjonen, helst i innkjøpsavdelinga. Slik styringsgruppa ser det treng ikkje denne personen sitje i gruppa, men må ha god kontakt med gruppa når det trengst.

### **Konklusjon:**

Vi i styringsgruppa skjønar at både administrasjon og politikarar treng litt tid til å vurdere dette, og at ein også må få nokre tal på bordet. Vi har derfor spurt Fairtrade Norge om korleis dei vil sjå på ein søknad om utsetjing. Det ser dei positivt på. Både vi i styringsgruppa og FT Norge stiller oss sjølv sagt til rådvelde for informasjon/ møte.

Vi har derfor følgjande framlegg til vedtak, som vi vonar formannskapet i Volda og kommunestyra i begge kommunane, vil vurdere:

**1. Saka vert utsett.**

**2. Volda/ Ørsta kommune søker Fairtrade Norge om å få utsett søknadsfristen til 1. oktober.**

**3. Administrasjonen vert beden om, i samråd med styringsgruppa og innkjøpsavdelinga, å utarbeide ei sak som synleggjer praktiske og økonomiske følgjer for Volda (evt. Ørsta) kommune.**

**4. Saka vert lagd fram for kommunestyret, seinast i septembermøtet.**

Med venleg helsing styringsgruppa for FT-kommunane Volda og Ørsta

Anne Natvig Annlaug Stokke Geir Helge Nilsen Kjell Petter Wiik Laura Mortveit Marit Aklestad Marit Steinnes Ingrid Opedal

Her er dei nye krava i anskaffelseslova, som seier noko om ansvaret kommunen har:

*\*Kommunens ansvar som offentlig innkjøper Bakgrunn: I anskaffelseslovens § 5 om miljø, menneskerettigheter og andre samfunnshensyn skal «statlige, fylkeskommunale og kommunale myndigheter og offentligrettslige organer (..) innrette sin anskaffelsespraksis slik at den bidrar til å redusere skadelig miljøpåvirkning, og fremme klimavennlige løsninger der dette er relevant. (..) Disse oppdragsgiverne skal også ha egnede rutiner for å fremme respekt for grunnleggende menneskerettigheter ved offentlige anskaffelser der det er en risiko for brudd på slike rettigheter. (..)». Av § 8-6 i anskaffelsesforskriften om merkeordninger lyder følgende: «Oppdragsgiveren kan kreve en bestemt merkeordning som dokumentasjon for at varene, tjenestene eller bygge- og anleggsarbeidene har miljømessige, sosiale eller andre egenskaper som angitt i kravspesifikasjonene, tildelingskriteriene eller kontraktsvilkårene. (..)». Store mengder offentlig anskaffede varer og produkter, er såkalte høyrisikoprodukter, se DIFI's liste her. Innkjøp av disse produktene innebærer stor risiko for medvirkning til brudd på grunnleggende menneskerettigheter. Kommunen kan, gjennom Fairtrade-systemet, bidra til en mer rettferdig handel hvor det blant annet arbeides for å ivareta arbeidstakerrettigheter og ILOs kjernekonvensjoner*